



## Sykkylven sokneråd

### **Referat, Sykkylven sokneråd**

Tid: 05.03.24. kl. 18.30 - 21.30

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren

Mat : Georgia

Åpning: Arne

#### Til stades:

Georgia D. Sandberg, Eli C.Myrene, Therese S. Hovland, Therese U. Aas, May Lisbeth H.Aurdal, Arne M Von Kogh-Bakkedal og Kari Myklebust.

#### **Sak 08/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Godkjent

#### **Sak 09/24 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 30.01.24**

*Vedtak:* Godkjent

#### **Sak 03/24 E-LÆRINGSKURS Vidareopplæring for Soknerådet**

I etterkant av 1.kveld for opplæring av nye sokneråd, kjem det fleire kursmodular i Ressursbanken som sokneråda skal gjennom, for å få breiare innsikt i å fungere som eit demokratisk valgt organ på ulike felt. Det første ligg klart her:

<https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/global-kirke/misjon/kurs%20om%20misjon/>

May Lisbeth presenterte denne 1. kursmodulen for nye sokneråd frå Ressursbanken: Film om kyrkje / misjon, og vi diskuterte spørsmål til filmen om korleis være misjonerande kyrkje lokalt og globalt.

Forslag:

- 1) frukost ilag med ortodokse kristne frå Eritrea før gudstenesta vår og i etterkant av deira samling.
- 2) Når det nye presteparet kjem, invitere til internasjonalt felles måltid i kyrkje-kjellaren.



## Sykkylven sokneråd

### Sak 10/24 ÅRSMELDING

- a. Viser til Handbok menighetsråd : 2.12 s.41 Årsmelding
- b. Utkast årsmelding for 2023 til godkjenning av soknerådet
- c. Kommentarer/rettingar og innspel som korreksjon.
- d. Representantar frå SR til dei ulike utvala der vi skal representereast. Dette kjem vi tilbake til i eiga sak på neste møte.

Den skriftelege årsmeldinga er omfattande og har med brei beskrivelse av det omfattande arbeidet frå tilsette på ulike fagfelt. På årsmøtet vert det teke ut deler, og presentert med bilder på powerpoint.

#### Kommentarer til årsmeldinga frå samtalen i soknerådet:

Til neste år bør det berre stå det som er aktuelt frå det foregåande året.

Dvs det som står om kva kyrkja er (ei folkekyrkje, at vi forkynner osv), er noko som er kyrkjens natur og som alltid gjeld.

Så av plassomsyn, og for at årsmeldinga ikkje blir unødig lang, ønsker vi til neste år å berre ha det som strengt høyrer heime i ei årsmelding for gjeldande år.

Vi ønsker neste år å få all statistikk i eit skjema, til dømes Excel-oppsett.

Neste år ønsker vi heller vedlegg, dersom det er særlege ting ein vil ha i tillegg. Soknerådet ønsker at ein held årsmeldinga kort, for lesarvenlege omsyn.

All den positive aktiviteten som skjer frå/i diakonien, er gode døme på korleis "kyrkja engasjerer seg i lokalsamfunnet", som er eit mål for Dnk. Ved at diakonien har slike tiltak, meiner vi at kyrkja sparer kommunen og velferdsstaten for kostnader (både økonomiske og menneskelege kostnader av einsemd osv).

Vi ønsker at det blir satsa ekstra på å få Fredagsklubben opp og gå att. Gjerne med å sjå om ein kan endre oppsettet for å få det enklare å få tak i frivillige hjelparar.



## Sykkylven sokneråd

**Sak 05/24 Dato Møteplan / Arrangement** Plan vedlagt.

Neste soknerådsmøte blir tirsdag 9. april.

18. april kl. 18: Årsmøte og medarbeiderfest. Soknerådet utfordrer staben i kyrkja til å planlegge medarbeidarfesten. Soknerådet planlegg årsmøtet.

**Sak 11/24 Fjernmøte teams i høve Bakkedal sitt utanlandsopphald 23.03.-tom juli.** Arne blir med på AU på teams, til sjølve soknerådsmøtet kaller vi inn varamedlem.

Orientering : Sak på neste SR-møte : **Høyring prostistørrelse** Therese U. Aas.

### Eventuelt: Innspel og spørsmålsstillingar frå møtet:

- viktig at når organisasjoner får kollekt, at dei har representant for å presentere sitt kollektformål,
- Representanten må kome til samlinga før, for alle dei som deltek på gudstenesta.
- Bilder/film og anna visuelt skal i god tid sendast til den aktuelle prest, eller kontaktperson på kyrkjekontoret som kan vidareformidle.
- påminning: viser til regler i kyrkelova for å dele ut nattverd, dette virker ikkje som er så "nøye" her i Sykkylven Kyrkje

"Menighetsrådets ansvar kan utledes av trossamfunnsloven § 11 tredje ledd og kirkeordningen §§ 8 og § 12, av gudstjenestebøkene og av vedtak i Kirkemøtet.

Innenfor disse områdene må menighetsrådet følge bestemmelser og retningslinjer som er gitt i kirkeordningen eller med hjemmel i kirkeordningen.

Oppgaver i forbindelse med gudstjenester, hvor menighetsrådet avgjør (jf Gudstjenesteboken):

- Bruken av alternativ musikk til enkeltledd
- Formene for lovsang
- Valg av tekstlesere
- Når og hvor ofring skal finne sted
- Hvilken form av Herrens bønn som skal benyttes
- Hvilken type vin som skal benyttes ved nattverd
- Hvilken utdelingsmåte som skal benyttes ved nattverd
- **Velger leke nattverdmedhjelpere, etter forslag fra presten. Disse skal godkjennes av biskopen.**

Referat Eli C. Myrene